

Bruksområdet til Aktivitetshuset har no vorte betydeleg utvida. Det er skjedd gjennom ein investering på 75 000 kroner som var overskotet til Dameevenene og Bondelaget på Aktivitetsdagen i fjor. Summen er nytta til innkjøp av ein kraftig videokanon med tilhøyrande skjerm på 20 kvadratmeter som er plassert på fjordsida i hallen.
- I realiteten har heile bygda vore med på dette, seier styreleiar Michael Røssland til uskedalen.no

Ikkje minst skulen vil ha nytte av satsinga i og med at det kan visast filmar i undervisninga og koplast til datamaskin. Dermed kan samtlige elevar sjå samtidig.

Også som møtelokale for andre er denne oppgraderinga viktig. No kan andre leiga hallen og få plass til framsyningar for opptil 300. Tilsvarande utstyr finn ein truleg ikkje andre stader enn på Husnes her i kommunen.

- Men kva med lydanlegget, som har dårleg kvalitet?
- Det vil verta oppgradert for pengar som vert henta frå den same kjelda. Årets Aktivitetsdag skal forresten haldast den 15. juni og dei 4 fyrste som vil hoppe i havet har meldt seg på allereie.

Men oppgraderinga av Aktivitetshuset stoppar ikkje her. Ein annan mangel har vore for få bord og stolar, som vi har henta inn frå bygda. No har vi kjøpt inn 100 stolar med tilhøyrande bord og her er det pantepengane frå SPAR som har kome til hjelp, fortel Røssland.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen